Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Vassbering.

Oppskr. av: A. Spjeldnes (83 år g.)

(adresse): Lindås.

Fylke: Hordaland

Herad: Lindås

Bygdelag:

Gard: Spjeldnes.

G.nr. 87. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Alt vatne som var brukt i kjøk-
kenet og fjøs var båret med vass-
åk, som han heiter Vassel. Denna
typen kvilar på båe herdarne med
utholing fyrr disse og opning fyrr
halsen midt på åket. Andre åk kjenner
ikkje han. Til beresnoppar brukast
vidje, tog eller jarnlekkjer, liksom
krokarne kan vera av jarn eller
tre (lauvkrokar) Til vassbering var
brukt trebytter til kring hundradårs-
skifte, sidan vart sink- eller jarn-
bytterne meir i bruk, so no finst
her ikkje meir trebytter å sjå
nokon stad. Nokon annan måte
å bera vatnet på kjenner ikkje han
unntaken um ein må køyra vatnet heim
då brukast gjerne ein større så som
vert gjord fast antan på vogn eller
slede. Til å hindra skvalping av
vatnet brukar ein antan ein "botten",
tvikross eller andre viskvistar til
å leggja ned på vatnet. Vassberingi

1268

2

var helst gjort av kvinnfolki på garden. Men karfolki laut og til med beringi i ymse høve. Sjølvsagt måtte dei køyra vatnet som det trongst.

Attmed grua i kjøkene hang altid ein kjel – Vasskjelen –. I den måtte der altid vera vatten å ta til. Denna kjelen, som tok palag 3/4 tunna, hang som regel i ein krok, som var vokson i eit med ei stang, som var fest til ein bite med ei sterk vidja, tredd gjenom eit hol i øvre enden på stangi og gjønom eit hol i kanten av biten. Vasstransporten går endå mykje på same vis som her er nemnt. Men no fer folk til å leggja vatnet inn både i kjøkk og fjøs, so um nokre år skulde eg tru, at "vassbering" er ei saga blott."

1268
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hordaland.
Lindås.

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Dissa måten å bera vatten på har ikkje vore kjend her i bygdene —

A. Spjeldnæs.

2383

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING